

ORDENSREGLAR FOR HEMSEDAL BARNE- OG UNGDOMSSKULE



1. Du skal vise god framferd mot andre.
2. Du skal delta positivt og aktivt i undervisninga
3. Du skal vere klar i klasserommet når undervisninga startar opp
4. Du skal vere roleg inne på skulen.
5. Du skal behandle alle ting fint og rydde etter deg.

OPPLÆRINGSLOVA § 2-9 ORDENSREGLEMENT OG LIKNANDE

”Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktane til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåte når slike saker skal behandlast. Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra.

KVAR GJELD ORDENSREGLANE?

Ordensreglane gjeld i skuletida, på veg til og frå skulen og på tilstellingar og turar som skulen står for.

MÅLET MED ORDENSREGLANE

Me ynskjer at skulen skal vera ein god arbeidsplass for alle der elevane har ei positiv innstilling til læring. Vilkår for dette er tryggleik/trivsel, godt samarbeid og at alle viser ansvar og sjølvstende. Skal vi kunna utføra arbeidet vårt skikkeleg må vi ta omsyn til kvarandre, og saman gå inn for å halda orden, både i våre eigne saker og i det vi har felles.

HUGS: Du er her for å lære mest mogleg.

BROT PÅ SKULEN SINE REGLAR KAN FØRE TIL:

- kontakt med heimen.
- pålegg om å rette opp skade som er påført skulen eller andre sin eigedom eller eigendelar.
- munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar.
- munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor.
- bortvisning frå gruppe for resten av timen etter lærar si avgjerd.
- bortvisning frå skulen for resten av skuledagen etter rektor si avgjerd.
- mellombels eller permanent bytte av gruppe.
- bortvisning i inntil 3 dagar (8.-10. trinn).
- melding av ulovlege forhold til politiet.
- Nedsett karakter i orden og oppførsel.
- Elevar/klassar må erstatte eller vera med på å reparere materiell dei/klassa har vore med på å øydeleggja. Gi pålegg om å rette opp skade som er påført skulen eller andre sin eigedom eller eigendelar.
- Merknad i protokollen.

Å FØLGJE ORDENSREGLANE BETYR AT:

- det er nulltoleranse for mobbing på skulen.
- bruk av rusmiddel, snus og tobakk er forbode.
- slikkeri og andre søtsaker ikkje kan nyttast i skuletida.
- uhøfleg munnbruk ikkje skal nyttast i skulesamfunnet eller ved arrangement i regi av skulen.
- skulen sine PC'ar berre skal nyttast til undervisningsføremål og behandlast på ein forsvarleg måte (sjå kontrakt mellom skule og elev/føresette).
- skulen skal vere mobilfri og elevane skal levere inn mobiltelefonen til lærar ved start av skuledagen og få den igjen ved skuleslutt.
- du må ha løyve frå vaksne for å forlata skulen sitt område i skuletida.
- sykkel, rullebrett og rulleskøyter berre kan nyttast utanfor inngangen til Trøimshallen og på rampa.
- snøballkasting er ulovleg andre stader enn på blinken på Låven.
- foto/film kan berre nyttast i samråd med vaksne.
- under prøver og heimearbeid skal berre godkjente hjelpemiddel nyttast.
- yttertøy skal hengja i gangen.

FRAMGANGSMÅTE VED BROT PÅ ORDENSREGLANE

- Behandling om brot på ordensreglement følger lovføresegn i opplæringslova § 2-9 og 2-10. samt saksbehandlingsreglane i forvaltningslova der kor det fattast enkeltvedtak. Det er dei mest alvorlege refsingstiltaka som vil innebere at det blir fatta enkeltvedtak.
- Den lærar eller assistent /barne- og ungdomsarbeidar som oppdagar brot på ordensreglane må vurdere kor alvorleg situasjonen er, og vurdere eventuelle tiltak.
- Dersom det er naudsynt å loggføre ein situasjon skal dette gjerast same dag på Visma flyt. Hovudregelen er at eleven skal informerast om dette. Kontaktlærar skal informerast. Ved alvorleg brot på ordensreglane skal rektor/inspektør informerast.
- Det skal gjerast ei individuell vurdering om kva slags sanksjonar som skal iverksetjast.
- Td. kan ein elev bli beden om å ta att tapt tid ved ugyldig fråvere eller forseintkomming. Dette må skje utanfor ordinær skuletid. Flytting i klasserommet kan vere eit anne døme på reaksjon.
- Ved alvorlege brot på ordensreglane skal heimen ha beskjed i løpet av kort tid. Kontakt med heimen skal primært skje via telefon. Ved mindre alvorlege brot skal heimen få beskjed i konferansesamtalen.

BORTVISNING SKAL SKJE ETTER OPPLÆRINGSLOVA § 2-10

- Det er kun rektor som har denne myndigheita.
- Foreldra skal bli varsla før bortvisning skjer.
- Det skal skrivast enkeltvedtak.

ELEVANE FRÅ 8.-10. KLASSE SKAL HA UNDERVEGS- OG SLUTTIVURDERING MED KARAKTER I ORDEN OG ÅTFERD.

Opplæringslova § 2-9 seier vidare:

I vurderinga i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.

Fråvere kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtferd

Skulen har desse rutinane for å sette karakter:

- Førebuande møte i midten av kvart semester.
- Varslingsbrev til dei som står i fare for å få nedsett karakter.
- Karaktermøte i forkant av terminkarakter. Alle lærarane som har klassen deltek. Dersom det er usemje skal det røystast. Kontaktlærar leier møte og skriv møtebok. Kontaktlærar har dobbeltstemme.
- Karaktermøte i forkant av standpunktkarakter. Alle lærarane som har klassen deltek. Dersom det er usemje skal det røystast. Rektor leier møte, kontaktlærar skriv møtebok. Rektor har dobbeltstemme.

HOVUDREGEL

Med god orden og åtferd meiner vi:

Kor	Orden	Åtferd	
	Vis ansvar	Vis respekt	Vis omsorg
Heile skulen og alle arrangement i skulens regi	Bruke innesko inne i heile bygget. Halde orden på tinga dine. Rydde etter deg. Bruke søppelkasse Ha verdisaker i skåpet ditt.	Vera høfleg mot medelever og vaksne. Vise respekt og vere lyttande ovanfor dei som har ordet eller opptrer. Godta at vi er ulike og kan meine forskjellig. Fotografere og filme berre når du har særskilt løyve. Juks er det nulltoleranse for. Skulen vår er rusfri.	Helse på kvarandre. Vera hjelpsam.
Undervisningsrom (klasserom, grupperom, kunst og handverk, aula, musikkrom, naturfagrom, øvingsrom)	Ha med det du treng til kvar time. Møte presis på rett stad. Vera aktiv og vise god innsats. Levere skulearbeid til rett tid. Sitje ved bord når du brukar PC.	Følgje beskjedar. Lytt når andre har ordet. La andre få jobbe uforstyrra. Rekke opp handa og vente på å få ordet når du vil seie noko. Ta vare på bøker, utstyr, inventar og skulebygg. Møte presis på rett stad. Oppmerksom mot lærar og undervisning.	Oppmuntre og støtte kvarandre til å delta i undervisninga. Samarbeide med alle. Bidra til at dei andre blir gode.
Kantina og anna fellesareal	Sitje på ein stol ved bord når du et.	Bruke roleg stemme. Gå roleg. Snakke hyggeleg til kvarandre.	Vera vennleg og ha ein god tone overfor elevar og vaksne.
Ute	Vera ute i friminutta når ikkje noko anna er bestemt.	Godta tilsnakk frå vaksne.	Følgje reglar i aktivitetar. La alle få vera med på leik og spel. La medelevar vera i fred. Kaste snøball berre på oppsett blink. La andre sine sykklar vera i fred. Gi støtte til dei som har problem. Hente hjelp frå vaksne om nødvendig.
På skulevegen	Bruke gangvegar der du kan. Sitje roleg med belte i buss og i drosje.	Vike for gåande når du sykklar. Gi plass slik at alle har eit sete å sitje på i bussen.	Sei frå til sjåføren eller andre viss noko skjer.

Lista ovanfor er ikkje uttømmende. Eit punkt vil kunne gjelde på andre område enn der det er sett opp.

KRITERIUM FOR NEDSETT KARAKTER I ORDEN OG ÅTFERD

	Orden	Åtferd
Nokså god	Klare avvik frå vanleg orden - Ujamm innsats i timane	Klare avvik frå vanleg åtferd - Bidra til eller stillteiane godta erting, plaging, mobbing

	<ul style="list-style-type: none"> - Mangelfullt heimearbeid - Sein eller manglande innlevering av skriftleg arbeid - Dårlig orden på tinga sine og gløymer ein del - Har noko ugyldig fråvær og er av og til utanfor skulens område - Møter av og til for seint til timane og har vanskeleg for å koma seg ut i friminutta - Avslutte timen på ein god måte ved å rydde vekk bøker og ta fram nye. 	<ul style="list-style-type: none"> - Rasistiske ytringar eller handlingar - Tar lite omsyn til medelevar med prating, uro, bråk - Rettar seg ikkje etter det som blir sagt av lærarane/ andre vaksne - Fleire brot på regelen om mobilfri skule - Banning og annan uhøvisk språkbruk - Bruk av snus, tobakk og/eller rusmiddel - Hærverk/skadeverk - Fårleg leik, m.a. snøballkasting - Juks - Negativt kroppsspråk til arbeidsoppgaver som er gitt av læraren.
Lite god	<p>Ekstraordinære tilfelle ved store avvik</p> <ul style="list-style-type: none"> - Grove brot på fleire punkt under «nokså god» 	<p>Ekstraordinære tilfelle ved store avvik</p> <ul style="list-style-type: none"> - Grove brot på fleire punkt under «nokså god»